



Gulen kommune  
Plan, landbruk og teknisk

SWECO NORGE AS

Postboks 80 Skøyen  
0212 OSLO

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2023/3062-41	Kjell Anders Reigstad	28.06.2024

Delegert - Kommunestyret (KS), delegert saksnummer 20/24

## Endring av reguleringsplan for Gulen Industrihamn - Gbnr. 63/15 mfl. Halsvik - Plan ID 4635-2013003 Sløvåg

Det er fatta følgjande vedtak etter delegert fullmakt

Gulen kommune vedtek i samsvar med plan og bygningslova §12-14 endringa av reguleringsplan Gulen industrihamn Gbnr. 63/15 mfl. Halsvik - Plan ID 4635-2013003 Sløvåg med plankart datert 08.07.2024 og føresegner datert 12.07.2024.

### Bakgrunn for saka

---

**Kort oppsummert** er reguleringsplanen for Gulen industrihamn søkt endra. Planen omfattar i hovudsak føremål industri, og tillèt mellom anna kraner og vindmøller (føresegna pkt 2.1.4 ). Det er ikkje reglar/avgrensing for tal turbinar eller konkret plassering av turbinane innan planen, men høgde er sett til 150 meter over gjennomsnittleg planert terreng (føresegna pkt. 2.1.8).

Før det vert gjeve løyve for utbygging av vindmøller skal det lagast ein konsekvensutgreiing, og det skal lagast ROS analyse som skal - gjere greie for eksisterande risiko og sårbarheit, og eventuelle endringar som utbygginga kan gjere i samla risiko og sårbarheit. (føresegna 1.3.8 og 1.3.9).

Endring av reguleringsplanen gjeld primært endring av turbinhøgd til 275 m.

---

Kommunestyret har gjeve administrasjonen fullmakt til å syte før denne endringa. Eit av vilkåra for endringa er at det berre vert montert ein turbin, med konkret plassering. Andre vilkår er også sett.

**Kommunen har vurdert** at denne planendringa kan gjennomførast etter forenkla prosess. Vi meiner dette er i samsvar med lova sin intensjon, vidare at saka er ein del av og samordna med NVE si konsesjonsbehandling som er ein noko tilsvarande og omfattande prosess. Vidare også at kommunestyret som er øvste planmyndigheit har gjeve positiv uttale til høgda og plasseringa i si uttale til konsesjonssaka hjå NVE, her og gjeve administrasjonen i kommunen konkrete føringar for dette i same uttalen.

**Saka om planendring har vore på høyring i 3 veker.** Det har vore ei utvida høyring til både private, offentlege instansar og andre relevante organisasjonar. Det er komen inn merknader frå 3 organisasjonar, 7 offentlege instansar, og 5 private. Det er få av desse som har konkret framlegg til endringar/forbetringar av reguleringsplanen.

**Etter ei samla vurdering** finn administrasjonen at planendringa kan godkjennast som omsøkt med mindre plantekniske justeringar som er justert etter innspel, og etter forenkla prosess. Høgda og plasseringa av vindturbinen vert i samsvar med kommunestyret sine føringar, og endringa elles på vilkår som dei har sett.

---

#### **Utvida klagefrist**

Klagefristen i slike saker er normalt 3 veker, jf. forvaltningslova §29. Pga av sumartid vert klagefristen sett til 07.08.2024.

---

## **Forenkla planprosess**

Fleire av merknadane i denne og til andre tilstøytande saker for vindturbinen har hatt motførestilling og problematisert kommunen si vurdering av bruk av forenkla planprosess. Vi tek difor dette opp som første tema i føreliggande saksutgreiing.

### **Introduksjon til grunngjevinga i vedtak om forenkla prosess i planID 2013003**

Denne saka er spesiell både fordi det private initiativ, og den første offentlege involveringa, starta før lovendringa i plan- og bygningslova § 3-7, 4. ledd. I tillegg er drøftingane i lovforarbeida i samband med lovendringa i all hovudsak relevant for område som ikkje allereie er regulert til vindturbinar.

Saka er truleg den første (eller i alle høve ei av dei første sakene) etter nytt regelverk. Dei nye reglene trådde i kraft 1. juli 2023. Kommunen har arbeidd systematisk for å samkøyre prosessane med NVE, noko som har bidrege til at utgreiingane i saka har fått med seg perspektiv som er viktig både etter energilova og plan- og bygningslova, med full medverkar-involvering.

Grunngevinga for vår samla vurdering er at dei omfattande utgreiingane og involveringsprosessane har opplyst saka tilstrekkeleg, og danna eit godt grunnlag for å ta ei avgjerd i saka.

Dei nye reglane har som føremål at kommunane skal ha avgjerdsmynde i desse sakene. Føremålet er oppfylt då prosessane i saka viser at politisk nivå og innbyggjarane har hatt påverknad på arealdisponeringa og dei sette vilkåra. At avgjerdsmynde no ligg i to ulike lover, betyr ikkje at dei same utgreiingane skal gjerast to gonger. Heller ikkje at reglane skal praktiserast slik at prosessane blir så langdryge at næringslivet ikkje kan få dei nødvendige avklaringar innanfor eit rimeleg tidsperspektiv.

### **Dei faktiske tilhøva kring prosessane med vindturbin**

Før vi går nærare inn på dei einskilde juridiske vilkåra, ser vi det som tenleg for saksutgreiinga å starte med ein gjennomgang av dei stega denne saka har vore gjennom. Desse stega kjem i tillegg til fleire dialogmøte (lokalt og regionalt).

- 14.03.2023 vart det gjeve ei prinsipputtale frå kommunestyret KOM sak 016/23 om at «Gulen kommune stiller seg positiv til å sette i gang ein prosess med sakshandsaming av tiltaket....». Det går fram av saksvedlegga at initiativtakar allereie i mars 2023 har involvert regional part om krav til konsekvensutgreiinga. Framdriftsplanen var relativt ambisiøs med eit arbeidsmål om konsesjonshandsaming innan utgangen av 2023.
- 07.06.2023 NVE sendte melding om konsesjonssøknad på høyring.
- 26.06.2023 vart første folkemøte gjennomført. Både kommunen og NVE var tilstades og informerte innanfor sitt ansvarsområde. Planprogram og konsekvensutgreiing er påverka av høyringsuttalene.
- 22.06.2023 vart melding for demonstrasjonsturbin handsama ved KOM sak 046/23 I utgreiinga der går det fram at det har vore møteaktivitet om kva ein ynskjer skal inngå i ei utgreiing.
- 01.07.2023, endringar i Energilova og Plan og bygningslova trådde i kraft (vedteke 16. juni 2023).
- 25.08.2023 sendte Sweco, på vegne av Wergelandgruppa, varsel om oppstart av forenkla planendring.
- 18. 01.2024 ble konsesjonssøknad sendt på høyring. Kommunen viser til høyringa og ber om innspel.
- 05.02.2024 folkemøte om konsekvensutgreiingar og vegen vidare.
- 07.02.2024 reviderte plandokument frå Sweco
- 10.03.2023. Administrasjonen bestiller uavhengig vurdering av helsekonsekvensar.
- 12.03.2024 kommunen får oversendt alle høyringsinnspel som grunnlag for saksutgreiing til sak til kommunestyret 12.04., totalt 234 merknader.
- 01.04.2024 kommunen mottek rapport frå uavhengig helsekonsekvensutgreiing som grunnlag for saksutgreiing.
- 12.04.2024 gav Kommunestyret (KS) i sak 20/2024 uttale til konsesjonssøknad med vilkår.
- 15.05.2024 Søknad om planendring av reguleringsplanar frå Sweco
- 31.05.2024-21.06.2024 Høyring av planendring, 15 merknader.

---

Saka om konsesjonsuttalen finn ein på kommune si heimeside:  
<https://www.gulen.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/planaktuelt2024/konsesjonsuttale-til-vindtubin-i-slovag/>

### **Vurdering etter plan- og bygningslov, forenkla prosess.**

Eit av spørsmåla i denne saka er om kommunen oppfyller dei krav som plan- og bygningslova set til sakshandsaming for planendring. Administrasjonen vurderer det slik at vilkår for sakshandsaming er oppfylt, og at saka er klar for vedtak.

Plan- og bygningslov § 12-14, 2. ledd, har særlege reglar for handsaming av planendring med såkalla forenkla prosess. Vårt prinsipale standpunkt er at vilkåra etter denne regelen er oppfylt.

**Utgangspunkt for prosessen har frå kommunen sin side vore å legge til rette for «en politisk beslutning der kommunestyret avveier ulike hensyn og interesse», slik rettleiaren gjev uttrykk for. Den gir vidare uttrykk for at: «En effektiv reguleringsplanprosess skal utvikle forslag til planløsningar, involvere de som blir berørt på en relevant måte, og gi et helhetlig grunnlag for kommunestyrets vedtak i plansaken.»**

Det kan alternativt diskuterast om dei prosessane som er skildra ovanfor denne saka, i realiteten er ei fullstendig prosess som tilfredsstillar dei ordinære sakshandsamingsreglane. I vedtaket har ein likevel klassifisert saka som handtert som forenkla prosess, sjølv med dei omfattande prosessar, utgreiingar og ROS vurdering som føreligg. Prosessen er omfattande om ein samanliknar kva som er vanleg for mindre endringar.

Ei fullstendig god og heilskapleg vurdering, både etter energilova og plan- og bygningslova, krev ei god samhandling mellom kommunen og NVE. Det er situasjonen i denne saka. Konsekvensane er grundig utgreidd, kommunen har gjort eigne vurderingar, og sett krav/vilkår for konsesjonshandsaminga. Medverkarprosessane har hatt direkte påverknad på den endelege avgjersla. Dette mellom anna for plassering av vindturbinen og dei vilkår som er sett i konsesjonsuttalen frå kommunen. Vedtak frå kommunestyret 12.04.2024 skildrar desse vurderingane grundig saman med dei avvegingar som er gjort.

Vilkår for forenkla prosess, plan- og bygningslova §12-14, 2.ledd er at planen «i liten grad vil påvirke gjennomføring av planen for øvrig», og «ikkje går utover hovuddrammene i planen» eller «berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder».

Planen er som nemnt frå 2018 og regulert for mellom anna vindturbinar og anna industriføremål.

Hovudproblemstilling i saka er om endring av høgde frå 150 m (for fleire vindturbinar) til 275 m (og ei vindturbin), vil klassifiserast som at den går utover hovuddrammene» for planen. Kva som kan reknast som hovuddrammene til plan er ikkje direkte skildra i lovteksten. Forarbeida,

Prop 149 L (2015-2016), legg opp til at kommunen må vurdere « i det enkelte tilfellet» om kva som

- går ut over hovuddrammene.

Kommunen vurderer at i dette konkrete tilfellet vil høgdejustering ikkje bli sett på som ein del av hovuddramma. Høgdejusteringa er erstatta med tal turbinar. Det avgjerande hovudreguleringa er arealavsetnad til vindturbin. Den er plassert innanfor det område som allereie er regulert til denne bruken. Det at det er sett krav til konsekvensutgreiing, må òg sjåast på som ein hovuddramme. Men i saka er høgda omfattande vurdert i samband med planprogrammet og konsekvensutgreiinga. Ei høgde på 150 m vil i dag uansett ikkje vere teneleg for føremålet med verksemda, og kan heller ikkje vere eit ønskt resultat.

Ein anna moment er at det er kommunen som planmynde som fastsett høgde i reguleringsplanar. I denne planen er høgda sett til 150 meter. Det kunne ha vore 100 meter. Det kunne og ha vore 300 meter, eller ei anna høgde. Plassering av bygg og anlegg og fastsetting av høgde er del av kommunen sitt frie skjøn. Det er ingen avgrensing i lova om kor høgt ein kan byggja.

Kommunen si vurdering er då at høgda i planen er del av kommunen sitt frie skjøn, og at endring av høgde difor ikkje er i konflikt med hovuddramma i planen.

I den konkrete vurderinga har vi vidare tatt omsyn til sakshandsamingsreglane som spesifikt er skissert innan vindkraft. Reglane er utforma hovudsakleg for areal som ikkje allereie er avsett til dette føremålet. Dei absolutte krav som er sett for kommunen sin regulering er uttrykt med **skal-kriterier**. Dette gjeld for dei ytre arealgrensar med føremål vindkraft og adkomstveg. Dei valfrie kriteriene er omtalt som **kan-reglar**. Innunder dette kjem mellom anna maksimal høgde. Dei valfrie kriteriane kan ikkje sjåast på som ein del av hovuddramma for planen. Sjølv om vi hadde eit avsett område i industrien har vi valt å samkøyre prosessane med NVE slik at vi fekk god medverknad og fullstendig opplysning av saka, både i regulerings- og konsesjonsperspektiv.

§ 12-14, 2. ledd, er ikkje aktuell i tilfelle der ei planendring kan kome i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser. I tilfelle der ein plan kan kome i konflikt med viktig infrastruktur, skal heller ikkje slik prosess veljast. Konsekvensutgreiinga viser at det ikkje er situasjon i dette tilfellet. Det har vore stort engasjement og deltaking på folkemøte, og innspel til endringa. Merknadene er vurdert, og fleire av dei har ført med seg grundigare vurderingar og utforming av vilkår. Vindkraft generelt er grunnlag for stort engasjement i heile samfunnet. Stort engasjement frå naboar og andre, vil midlertidig ikkje nødvendigvis føre til at endringane ikkje kan gjennomførast på den enklare måten. Dei bekymringar som er meldt inn i saka, er grundig handsama i konsesjonsuttalen frå kommunen. For påverknad på viktige natur- og friluftsområdet gir konsekvensutgreiinga ei fyllestgjerdande gjennomgang som er vurdert av kommunestyret i samband med uttalen til konsesjon.

Dette punkt er også nærare omtalt under dei særskilde merknader. Her går det fram at dei avbøtande tiltak sett i konsesjonen (frå NVE) , vil bli teke inn som føresegner til planen (kommunen som planmyndigheit).

Til slutt vil administrasjonen vise til at lovførearbeida aksepterer detaljregulering (Prop.111 L (2022–2023), og Innst.483 L (2022–2023)): «Arealavklaring etter plan- og bygningsloven kan skje ved detaljregulering i stedet for områderegulering for enkeltturbiner, der vindkraft bare utgjør en mindre del av arealformålet i planen, for eksempel der vindkraft inngår i planleggingen av et større industri- eller næringsområde.»

Vidare blir kommunen og NVE oppfordra til å arbeide saman:

«Der det ligger til rette for det, bør områderegulering og konsesjonsprosess samordnast i tid med felles konsekvensutredning.»

I vårt tilfelle er saka handsama 3 gonger av kommunestyret, det har vore 2 folkemøte saman med NVE, og merknadene er nøye vurdert av både planmyndigheit og NVE.

Det å setje i gang ytterlegare prosessar kan vi ikkje sjå at vil tilføre saka noko meir. I samarbeidet mellom NVE og kommunen har kvar part måtte tilpasse seg for å få saka så godt opplyst som mogleg. Og dette i ei sak som oppstod før dei nye reglane ble vedteken. Føremål med dei nye reglane er å styrke kommunane si rolle i prosessar kytt til vindkraft på land. Handsaminga i vår sak viser at kommunen har hatt ei avgjerande rolle for det endelege resultatet.

Vi ser det slik at for å faktisk kunne oppnå effektive prosesser og unngå dobbelthandsaming, slik departementet har gitt uttrykk for, kan ein ikkje leggje seg på ei snever forståing av ordlyden «hoveddramme» i plan- og bygningslova § 12-14.

## Medverknad.

I saka har det vore gode moglegheiter til medverknad og høyring gjennom konsesjonsprosessen og no plansaka. Naboar og andre privatpersonar, interesseorganisasjonar, berørte myndigheiter og næringslivet har hatt moglegheit til å kome med innspel og merknader til saka gjennom ulike fora. Dei viktigaste innspelspunkta har vore: Folkemøte 1, Vidsyn/Sløvåg (26.juni.2023), folkemøte 2, Vidsyn/Sløvåg (5.februar 2024). Vidare meldingsperioden for NVE, planprogramperioden, og høyringsperioden for konsekvensutgreiinga og til slutt høyringsperioden for plansaka.

Utvida varsling, merknader og innspel i plansaka.

Denne planendringssaka vart sendt på høyring i perioden 31.05.2024- 21.06.2024. (3 veker). Det vart gjennomført utvida varsling her under til nærbuande til planen og relevante lag og organisasjonar. Dei vanlege varslingspartane som berørte myndigheiter, eigarar og festarar av eigedomar som blir direkte berørt, og andre berørte vart også varsla i samsvar med pbl §12-14. Det kom inn 16 merknader fordelt på 15 avsendarar, her under myndigheiter (M), organisasjonar (O) og private (P). Alle merknadane er vedlagt.

M1 Statens vegvesen (SVV), datert 20.06.2024  
M2 Statsforvaltaren i Vestland, datert 21.06.2024  
M3 Kystverket, datert 21.06.2024  
M4 Vestland fylkeskommune, datert 21.06.2024  
M5 NVE, datert 18.06.2024  
M6 Museum vest, datert 04.06.2024  
M7 NGIR drift as, datert 03.06.2024  
O8 Motvind vest, datert 21.06.2024  
O9 Nei til vindkraft i Gulen, datert 21.06.2024, og på vegne av bebuarar i Halsvik og andre  
O10 Folk for fjella, datert 21.06.2024  
P11 Randi Losnedahl, datert 19.06.2024  
P12 Steinar Nilsen, datert 11.06.2024  
P13 Arne Eriksen, datert 09.06.2024  
P14 Bent Unneland, datert 31.05.2024 og 21.06.2024  
P15 Bente og Gjermund Halsvik, datert 20.06.2024

Andre merknader og klage på uttale og planprosess.

Vi har etter kommunestyret sitt vedtak om høyringsuttale til NVE 12.04.2024, fått klage på uttalen og vidare føringa som vart gjeven for planprosessen, mellom anna frå Motvind Vest/Nei til vindkraft i Gulen. Vi har som svar på dette i brev datert 15.05.2024 skreve at «I tråd med informasjonen over vil innkomne klagar ikkje verte handsama knytt til høyringsdelen av saka, men vil verte vurdert i samband med venta planprosess».

Seinare har vi fått ny attendemelding frå Motvind vest/Nei til Vindkraft i Gulen, datert 21.06.2024, der dei skriv at «Vi ønsker en bekreftelse på at dere har videresendt klagen til klageinstansen Statsforvalteren i Vestland». Vi vil difor sende saka over statsforvaltaren for deira vurdering.

#### **Vi gjer også ei kort vurdering her i høve klage på forenkla planprosess.**

Når kommunen tek ei avgjersle om kva type planprosess som skal nyttast er det ikkje eit enkeltvedtak, men ein prosessleiar avgjersle. Forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming for enkeltvedtak, her under klage, vert ikkje nytta ved slike avgjersler. Klageretten inntreffer først når det er gjort vedtak i saka, d.v.s at første moglegheit til å klage er no, når vedtak er gjort i denne saka.

#### **Handtering og vurdering av merknadane til planen.**

Tiltakshavar/planleggar har fått merknadane oversendt og har vurdert desse i eige merknadsdokument som ligg vedlagt. Vidare er dei fleste tiltaksrelevante merknadane innarbeid plandokumenta som er revidert og innsendt 02.07.2024.

Planavdelinga har gått i gjennom alle merknadane. Mange av desse omhandlar merknad til prosessen. Desse har vi svart ut til slutt/i eige vedlegg. Vi går no kort i gjennom dei merknadane som gjeld tiltak i planen, fleire av desse er også utdjupande vurdert i vedlegget.

**M1 Statens vegvesen (SVV), datert 20.06.2024** . Hovudmerknad går på at vegnettet, her under private vegar bør følgje vegnormalane. Vidare at det ikkje er teikna inn fortau/gangveg i plankartet i tilstrekkeleg grad, og at det vert gjort ei vurdering kring trafikktryggleik for mjuke trafikantar. Vegane/vegareala og byggegrense veg bør utvidast, slik at det er mogleg med utviding.

Planleggar skriv at dette er planar for mindre endring av ein høgd på vindturbin, samt tilhøyrande trafostasjon, tiltak vil ikkje generere vesentleg meir trafikk. Det er svært lite ferdsle av mjuke trafikantar internt i området. Risikoen for mjuke trafikantar er derfor vurdert som låg, og ein kan per i dag ikkje sjå behov for å leggje særskild til rette for mjuke trafikantar inne på industri- og næringsområdet. Det gjeld både syklande og gåande. Vi merkar oss likevel innspelet, og tek dette med i arbeidet med reguleringsplanen for heile næringsområdet, som er i oppstartsfasen no. Då kan vegsystemet i heile området sjåast i samanheng.

Planavdelinga seier seg nøgd med denne vurderinga. Det lagt inn tiltak frå ROS-vurderingane, her under siktbetring, spegel og vikepliktskilt i føresegnene pkt. 1.3.13.

**M2 Statsforvaltaren i Vestland, datert 21.06.2024** har i korte trekk motførestillingar i høve bruk av forenkla planprosess og rår i frå dette. Vidare er det ei bekymring kring manglande undersøking naturmangfald (fugl og flaggermus)

Planleggar har ei lengre utgreiing i høve dette i merknadsvedlegget og konkluderer med at bruk av forenkla prosess kan nyttast her. Når det gjeld naturmangfald og konkrete undersøkingar vert dette avklart i konsesjonssaka. Vilkår vert implementert i denne planen via føresegnene: §1.3.10; *For oppføring av vindturbin, skal avbøtande tiltak som fastsett i konsesjon etter energilova med tilhøyrande detaljplan vere utført eller sikra gjennomført.*

Planavdelinga viser til vår vurdering i høve bruk av forenkla prosess i starten av dokumentet. Når det gjeld naturmangfald og spørsmål om konkrete undersøkingar er vi samd med planleggar i høve at dette, og andre detaljforhold som landskap og støy vert avklart i konsesjonssaka. Vi viser elles og til utfyllande merknadshandtering i vedlegg.

Vi takkar elles Statsforvaltaren for rask respons i høve dialogmøte, der begge partar fekk utdjupa sine forutsetningar og synspunkt, utan at det vart gjort konkrete avklaringar.

**M3 Kystverket, datert 21.06.2024** Skriv: av omsyn til tryggleiken i farvatnet og andre brukarar blir det oppfordra til at kommunen til å følgje opp føreslåtte avbøtande tiltak i forhold til iskast i sine vedtak.

Planleggar skriv: Vert teke til etterretning. Tiltakshavar viser til at iskast vil vere ein del av konsesjonsbehandlinga.

Planavdelinga seier seg samd i denne vurdering. Det vil vere konsesjonsgivar som vil setje vilkår og følgje desse opp i konsesjonen og tilhøyrande detaljplan.



**M4 Vestland fylkeskommune, datert 21.06.2024** vurderer at kommunen har gjort gode grep for medverknad, med folkemøte og møte med høyringsinstansar, og utvida varsling til nærbuande til vindturbin og relevante lag og organisasjonar. Viser elles til uttale i saka datert 25.08.23, og har vidare ikkje vesentlege merknader til planforslaget

Planleggjar tek dette til etterretning

Planavdelinga seier seg nøgd med at Fylkeskommunen meiner at kommunen har gjort gode grep og vurderingar i si handsaming av saka.

**M5 NVE, datert 18.06.2024** Skriv at det lyt gå tydelege fram i føresegn § 6.4.1 at omsynssone H370 er eit fareområde, gir fagleg råd om at ordlyden i føresegna vert endra til at det innanfor omsynssona er byggeforbod, at tiltak må godkjennast av vindturbineigar og. Stiller spørsmål i høve føremål for fundamentet.

Planleggjar skriv: Det vert presisert i føresegnene at H370 er eit fareområde. Det er ikkje lagt opp til at det er byggjeforbod, men at tiltak må godkjennast av leidningseigar. Det vert lagt til i føresegnene at tiltak òg må godkjennast av vindturbineigar. Fundamentet for vindturbinen er sett av til næringsføremål slik som i gjeldande reguleringsplan. Det er presisert i føresegnene punkt 2.1.8 at det i nordvestleg del av BN5 er tillate å etablere ein vindturbin med høgde opp til 275 meter over gjennomsnittleg planert terreng.

Planavdelinga: Etter ny felles vurdering er føresegna pkt. 6.4.1 endra til at H370 er eit fareområde, vidare at det ikkje er tillate med tiltak som er til hinder for etablering av høgspentanlegget, og at dette skal dokumenterast i søknad. Med det er det også tenkt at om det skal søkjast å etablerast tiltak i faresona, lyt ein også ha gjort avklaringar med ledningseigar/turbineigar eller andre avklaringar før søknad vert sendt.

**M6 Museum vest, datert 04.06.2024** Har ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne

Planleggjar tek dette til etterretning

Planavdelinga har ingen merknader

**Dei resterande merknadane** som er frå vindkraftorganisasjonane og private naboar vert svart ut til slutt i merknadsvedlegget. Mange av desse peikar på at det er feil å nytte forenkla planprosess. Vidare er det ein del tekniske merknader, spørsmål kring vindturbin, og forhold som ligg til konsesjonssaka som vi svarar ut i merknadsvedlegget.

#### **Oppsummering av merknader.**

Denne saka gjeld endring av planen frå fleire vindturbinar til ein turbin med større høgde, vidare vert det planmessige konsekvensar av dette slik som faresoner for iskast, støysoner m.v. Hovudvekta av dei «kritiske» merknadane tek ikkje føre seg forholdet i høve tiltaket i planendringa, men heller at planprosessen (forenkla prosess) er feil. Dette seier mellom anna at dei fleste her allereie har sendt inn merknader til endringa og konsekvensar av denne i høyringsprosessen for konsesjonssaka.

## Plansaka.

Denne reguleringsendringa er ei oppfølging av kommunestyret sitt vedtak av 12.04.2024, og ei naudsynt tilrettelegging for at NVE kan gjera konsesjonsvedtak. Det vil seie at saka også er å sjå på kommunen si planavklaring i samsvar med lovendingane i Energilova §2-2 frå 1. juli 2023, der det står at «Konsesjon til vindkraftanlegg på land etter § 3-1 kan ikke gis før tiltaket er planavklart etter plan- og bygningsloven.»

Saka er innsendt som søknad om endring etter forenkla prosess etter plan og bygningslova §12-14, datert 15.05.2024. Tiltakshavarar er GE/Wergeland group as. Plankonsulent har vore Sweco Norge as.

### **Sweco skriv om saka:**

«Bakgrunn for denne endringa er at Wergeland Gruppa AS/Georgine Wind AS/NVE har starta ein prosess for eit demonstrasjonsanlegg for ein havvindturbin i samband med sertifisering av turbinar, med plan om at turbinen skal overtakast av Wergeland Gruppa etter testperioden. I samband med dette arbeidet er det utarbeidd ein konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Turbinen er planlagt høgare enn det som er tillate etter gjeldande plan, og gjeldande plan må difor endrast....

....Klimaendringar og global oppvarming gjer at vi globalt står ovanfor store utfordringar. I Parisavtalen har Norge forplikta seg til å redusere klimagassutslepp, og målet er at det ikkje skal bli varmare enn 2 grader, helst ikkje meir enn 1,5 grader. For å nå 1,5 graders målet er det viktig å gjere ein rekke hurtige tiltak. Ved å halde oppvarminga innanfor denne grensa forventar ein at risikoen for ekstreme vêrfenomen, havstigning og ein rekke andre negative konsekvensar for klimaendring vert redusert. Vindkraft er ein utømmelig energikjelde som kan bidra til å nå dette målet. Prosjektet som Georgine Wind nå har satt i gang er ein del av det svært viktige grøne skiftet. Vindturbinen, som skal vere ein testturbin for vindturbinar til havs, er planlagt etablert inne på eit eksisterande næringsområde og har avgrensa verknader for nærliggande areal. Tiltaket vil få noko negativ konsekvens for naturmiljø, landskap, friluftsliv og omkringliggende bustader/fritidsbustader. Det grøne skiftet vil påverke det landskapet vi har i dag, men er heilt avgjerande for å sikre framtida vår.

- Målet med reguleringsendringa er å leggje til rette for ein høgare vindturbin enn det som er lagd til rette for i gjeldande plan. For å kunne realisere prosjektet, og konsesjonssøknaden som Multiconsult har utarbeidd på vegne av Georgine Wind, må konsesjonssøknaden vere i tråd med reguleringsplanen.
- Hovudendringa går ut på å legge til ein vindturbin som kan byggjast med ei høgde på inntil 275 meter.
- På plankartet er det teikna inn ei faresone rundt turbinen i samsvar med anbefalingane frå Meventus som har gjort ein vurdering av risiko for iskast. Faresona strekk seg delvis inn på naboplanen i vest (plan ID 2013002), og plangrensa for gjeldande plan er derfor utvida for å dekke heile faresona.
- Ei byggegrense som tidlegare sette avgrensing for utnytting av arealet langs sjøen er føreslått justert slik at vindturbinen kan etablerast.

- Ein intern tilkomstveg som er bygd annleis enn kva som er regulert takast med og oppdaterast i denne endringa etter ønske frå kommunen.
- Raud støysone rundt vindturbinen er teke inn i plankartet. Parallelt med den mindre reguleringsendringa er det søkt om konsesjon for etablering av havvindturbin på tomta etter energilova.

Det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing til konsesjonssøknaden, datert 20.12.23, som også skal gjelde for reguleringsendringa etter forenkla prosess. Konsesjonssøknaden vart sendt ut på høyring januar 2023. Gulen kommunestyre vedtok ei positiv fråsegn til konsesjonssøknaden i møte 12.04.24.

I samband med oppstart av konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiing for ein høgare vindturbin, har det vore folkemøte den 26.06.23. I samband med høyring av konsesjonssøknaden vart det halde folkemøte 05.02.24. Medverknad frå desse møta er òg dekkande for reguleringsendringa etter forenkla prosess»


I samband med at Gulen kommunestyre behandla fråsegn til konsesjonssøknaden 12.04.24, blei det vedteke at «administrasjonen får fullmakt til å godkjenne mindre reguleringsendring som berre gjeld for ein vindturbin i samsvar med konsesjonssøknad.»

Det er mange planar på Sløvåg og ein ser at det er hensiktsmessig å rydde opp i desse. I oppstartsmøte med kommunen var dette og eit tema, og det er planlagt oppstart av dette arbeidet våren 2024. Årsaka til at endringa av høgda på vindturbinen vert tatt som reguleringsendring etter forenkla prosess, er at det hastar med å få dette inn i planen. Opprydding av planane på Sløvåg inneber mange ulike tema og det vil ta tid å gjennomføre arbeidet.


### **Det innsende planmaterialet**

Endringssøknaden omfattar plankart og føresegner samt ROS vurderingar for endringa. I søknaden er det gjort utdjupande utgreiingar i høve planendringa, her under endringar i kart og føresegner.


**Plankartet** er i hovudsak endra ved at det er gjeve plassering av vindturbin med tilhøyrande tryggleikssone for Iskast (H390), samt raud støysone for vindturbin (H210). Vidare er tryggleiksona for tiltak (Kai3) i naboplan, synt her i eks. plan som H350\_3 teke ut. Det er lagt inn ny omsynssone for høgspant H370. Planen er utvida mot vest for å få med seg heile tryggleiksona for iskast H390 i omsøkt plan. Vegnettet er oppdatert til å syne dagen situasjon/dispensasjon i samband med dette. Vidare er det i ettertid gjort ei justering av vegareal auka med 2 m bredde og byggegrense for veg justert tilsvarende i samsvar med vegvesenet sitt innspel.



Ny plan



Eks.plan



Utsnitt av foreslått reguleringsendring. Her ser ein at H350\_3 er teke ut. Det er lagt inn faresone for iskast (H390), raud støysone for vindturbin (H210) og sone for høgspenkablar (H370). Utsnitt av gjeldande reguleringsplan er vist øvst i venstre hjørne.

Ny plan med forklarande tekst

**Føresegnene** er justert for endringa av høgd på vindturbin frå 150 m til 275 m og følgjekonsekvensar av dette. Kommunestyret sine føringar i høve støy er teke inn. Vidare er det enkelte mindre tekstlege justeringar;

Hovudendringane er

§1.1.4 set krav til innandørs støynivå for opphaldsrom på hotell eller anleggsbrakker.

§1.3 Rekkefølgekrav, der det vert stilt nytt krav i

§1.3.10 vert det stilt krav om avbøtande tiltak som vert sett i konsesjon skal vere gjennomført eller sikra.

§1.3.11 Ved etablering av vindturbin er det stilt krav om omsyn til skuggekast, iskast og støy er ivareteke, også utanfor planen. For nye tiltak generelt som vil vere ein del av influensområdet til vindturbinen skal det vere dokumentert at desse vert bygd slik at støy, skuggekast og Iskast vert ivareteke.

§1.3.12 om endring av sikringssone i tilstøytande plan (ID 4635-2013002) for petroleumsverksemd før igangsettingsløyve kan gjevast.

§1.3.13 Krav om siktrydding i kryss, samt montering av spegel og vikepliktskilt Vidare at føresegn §6.3.2 teken ut når desse sonene er tatt bort.

§2.1.4 Sikrar at det berre vert ein turbin med 275 m høgde, eller som tidlegare fleire med høgde 150 m.

§2.1.8 tilleggstekst som presiserer plassering, høgde for ein vindturbin på 275 m.

Planområdet er utvida litt i sørvest for å få med heile området for iskast. Dette går då inn i naboplan (4635-2013003) som vert justert tilsvarande. Det er tenkt at føresegna i naboplan vert gjeldande for dette område i planen jf. §2.5 Industri og §3.6 Kai. Vidare medfører endring i naboplan at faresone H350\_3 vert teke ut.

§6.4 er nytt punkt i høve ny høgspenkabel i bakken og har tilhøyrande faresone H370.

§6.5 er nytt punkt om faresone for iskast, der det i underpunkt §6.5.1 er gjeve føringar for denne, her under forbod mot varig opphald. Punktet gjev også føringar for verksemdar og tiltak nærare enn 175 m frå turbinen.

§6.6 er nytt punkt, og med underpunkt §6.6.1 støysone H210 seier det ikkje kan oppførast støysensitive verksemdar som kontor eller opphaldsrom utan tiltak som sikrar at krav i høve støy i arbeidsplassforskrifta vert tatt i vare.

Elles er det gjort mindre rydding og tekstlege endringar.

**ROS** er vurdert i høve endringa av planen og i samsvar med kommunestyret sine føringar. Det er gjort ei innleiande risikoidentifisering/kartlegging av moglege hendingar og potensielle farar innanfor planområdet. Det er av dette vurdert 8 konkrete hendingar i analysa, her under stormflo/havstigning, iskast, skuggekast, støy, brann i turbin eller nærliggande industri, eksplosjon i nærliggande industri, forureining, og trafikktryggleik på private vegar.

Ut i frå dette er det gjort ein samanstilling av risikoar for 3 ulike konsekvensar; Liv og helse, stabilitet og materielle verdiar. Frå dette er det gjort tiltak i plankart i høve faresoner, samt at fleire avbøtande tiltak er teke inn i føresegnene til planen, her under iskast, skugge, støy og vedtak i naboplan om å ta ut formål knytt til råolje- og petroleumsprodukt. Det er forutsett at fleire av dei punkta og avbøtande tiltaka, vert teke hand om og stilt krav om i konsesjonssaka hjå NVE.

Planleggar oppsummerar ROS vurderinga slik: «Det er i denne rapporten registrert 8 uønskte hendingar knytt til planendringa som dreier seg om oppføring av ein testturbin på eksisterande industriområde. Av dei uønskte hendingane er det berre ei hending som har høgt sannsyn og høg konsekvens knytt til seg, det er iskast. Dei potensielle hendingane som

er knytt til risiko kan stort sett minimerast gjennom risikoreduserande tiltak. Det anbefalast å setje tydelege krav i føresegn som beskrive i kapittel 6.2. I sum syner analysen at planområdet er eigna for den tiltenkte utbygginga, så lenge ein tar dei førehandsreglane som ein har avdekka i denne analysen og følgjer dei råda om kva som skal inn i føresegn og plankart.»

### **Konsekvensar av endringa.**

Søkjjar/planleggar skriv i si utgreiing om konsekvensar av endringa:

«I gjeldande plan er det allereie godkjent for «vindturbinar» (i fleirtal) på inntil 150 meter høgde. Endringa legg til rette for at om det vert oppført éin vindturbin med høgde opp til 275 meter, eller fleire vindturbinar med høgde opp til 150 meter som i gjeldande plan. Gjeldande føresegn, som legg til rette for «vindturbinar» på inntil 150 m høgde, betyr i teorien at det kan etablerast fleire enn to vindturbinar innanfor BN4-BN8. Med ein vindturbin på 275 meter høgde innanfor BN4-BN8, blir utnyttinga med vindturbinar i planen ikkje auka som følgje av reguleringsendringa.»..

«Hovudkonklusjonane frå konsekvensutgreiinga er at vindturbinen vil vere synleg frå fleire område, dette gjeld for landskap, friluftsområdet på Kistefjell og kulturminnet den Trondhjemske postveg. Det er her viktig å peike på at fleire vindturbinar på 150 meter også ville vore synleg.

Vidare vil støynivå for bustader og fritidsbustader vere under grenseverdi på 45 dB. Det vil bli noko auke i støybelastning og visuell påverknad på eigendommene i Halsvika. Retningslinjene for støy i arealplanlegginga (T-1442) skal varetake støyfølsame bygg og uteområde. Omsynet til støy i næringsbygg blir vareteke i tekniske krav til bygg og i arbeidsmiljølova. Støy for arbeidsplassar er likevel omtalt i ROS-analysen, og det er teke inn ei omsynssone for raud støysone rundt vindturbinen. Tilhøyrande føresegn som skal sikre tilfredsstillande støyforhold for støyfølsame verksemder som kontorarbeidsplassar og opphaldsrom.

Ingen bustader eller fritidsbustader vert eksponert for teoretisk skuggekast over 30 t/år eller faktisk skuggekast over 8 t/år, mens nokre bygningar vil overskride grenseverdien for teoretisk skuggekast på 30 min/dag. Det er foreslått avbøtande tiltak for iskast og skuggekast, og dette er vareteke gjennom faresone iskast og føresegn om iskast og skuggekast.

For kommuneøkonomien vil tiltaket vere positivt i form av eigedomsskatt og produksjonsavgift. For næringslivet kan tiltaket gje moglegheiter for å opparbeide lokal kompetanse og erfaringar og posisjonere seg med tanke på framtidig havvindutbygging i Nordsjøen. For klima vil vindturbinen vere positiv med tanke på reduksjon i klimagassutslepp. Utslepp som følgje av avskaling (mikroplast) er heilt minimale. Tiltaket påverkar ikkje luftfarten.

For meir informasjon vert det vist til vedlagte konsekvensutgreiing (datert 20.12.23) for utdjupande skildring av dei ulike faktorane som kan verte påverka av ei auka høgde på den planlagde vindturbinen»

## Saksvurdering og konklusjon

Dialog med planleggar og tiltakshavar

Planavdelinga vil peike på at det i denne saka har vore ein lang og til dels krevjande dialog i høve planleggar og tiltakshavar med å få på plass eit tilstrekkeleg plangrunnlag som kunne sendast på høyring etter forenkla prosess. Vi har arbeid med denne saka sidan desember 2023, og det har vore fleire skifte i mannskap frå planleggar si side utan at ein har greidd å få på plass tilfredsstillande materiell. Når det er sagt er vi no nøgd med det materiellet og den vurderinga som no er lagt i materiellet som no er arbeidd fram.

### Planavdelinga vurderer saka slik

Saka dreier seg om ei teknisk tilrettelegging av planen for å kunne tillate oppføring av vindturbin med høgd på 275 m istadenfor fleire turbiner med høgd 150 m. I samsvar med det nye regelverket måtte ein truleg gjere denne tilrettelegginga i reguleringsplan også om ein ville gå vidare med turbinar med 150 m høgde. Vi er samd med planleggar at dette er ein del av kommunen si planavklaring etter det nye regelverket som endra Energilova og plan- og bygningslova i høve vindkraftsaker på land.

Planleggar har skreve tidlegare i saka

Konsesjonssøknaden for vindturbinen er konsekvensutgreidd og har vore på høyring, og innbyggjarane og andre sitt syn på saka er godt dokumentert i samband med dette. Gulen kommunestyre har gjeve positiv fråsegn til konsesjonssøknaden etter gjennomført høyring, og gjeve administrasjonen fullmakt til å vedta planendringa. Ein ordinær planprosess vil ikkje medføre ytterlegare krav til utgreiingar enn det som allereie er gjennomført.

Planavdelinga har vurdert at saka kan gjennomførast som planendring etter forenkla prosess jf. pbl §12-14, vi viser til utgreiing i høve dette i første del av dokumentet.

### ROS-vurderingar

Det er gjort ROS-vurdering av konsekvensar av endringa av planen. Metodikken er i samsvar med rettleiaren frå DSB. Det er først gjort ei risikoidentifisering, vidare er 8 relevante tema teke vidare for konkret ROS vurdering, ut i frå dette er det gjort ei samanstilling av risiko. Til lutt er det vurdert tiltak for å redusere risiko og sårbarheit. Tiltak frå ROS vurderinga er så vurdert og implementert i plankart og føresegnene. Vidare er det nemne at fleire tiltak kan kome til og skal følgjast opp i konsesjonssaka, her tiltak i samband med iskast, skuggekast, støy, HMS, og forureining, dette er teke høgd for i føresegna § 1.3.10 *For oppføring av vindturbin, skal avbøtande tiltak som fastsett i konsesjon etter energilova med tilhøyrande detaljplan vere utført eller sikra gjennomført*

Vi finn at vurderingane er tilfredsstillande for denne endringa.

### **Plankart.**

Plankartet er justert i samsvar med hovudtrekka i Statens Vegvesen sine merknader om auka vegbreidde og byggegrenser. Det er etablert nye fare -og omsynssoner for iskast, støy og høgspenning i samsvar med ROS vurderinga. Elles er det gjort mindre tekniske justeringar.

Vi finn at plankartet no er tilfredsstillande i høve denne endringa.

### **Føresegner.**

Tiltak frå ROS vurderinga er implementert føresegnene for planen, her under støy skuggekast, havnivå, konsekvens for råoljeterminal, iskast, samt trafikktryggingstiltak. Vidare er det gjort nødvendige endringar og tilføyningar i samsvar med planendringa. Det er som nemnd teke høgde for at det vil kome vilkår i konsesjonen, og sett krav om at desse skal vere utført eller sikra gjennomført. Vi har etter vurdering lagt inn noko sterkare føringar i høve rekkefølgekrav for nye tiltak i forhold til skuggekast, støy og iskast for både eksisterande og nye bygningar og tiltak i føresegn 1.3.11.

Vi finn at føresegnene til planen er tilfredsstillande i høve denne endringa.

### **Merknader og innspel.**

Planleggar har teke med seg dei faglege innspela som har kome til planen, mellom anna frå Statens Vegvesen, Kystverket og NVE. Innspela elles er kommentert frå planleggar og planavdelinga i vedlegg til slutt i dokumentet.

### **Tiltak i plan**

Dei nye tiltaka i planen legg til rette for ei meir berekraftig og framtidsretta næring i Sløvåg. Dersom testperioden vert velluka, vil dette kunne medverke til ytterlegare utvikling av havvindturbin industrien, som kan bli til nytte globalt. Når testperioden er over vil turbinen produsere nok straum til at industrien i Sløvåg fullt ut kan eltrifiserast. Dette vil kunne gje eit konkurransefortrinn når anbod skal vannast, og vidare bidra til redusert klimagassutslepp.

### **Rekkefølgekrav for sikrar rett gjennomføring**

Det er i planen no lagt opp til rekkefølgekrav som sikrar at vilkåra som vert gjeve i konsesjonssaka vert fulgt opp, vidare også at krav til at ein ved etablering av nye tiltak lyt ta omsyn til skuggekast, støy og iskast frå turbinen. Elles vil NVE gje sjølv byggeløyve/konsesjon med detaljplan for utbygging, og skal følgje opp krava i denne. Det er sett rekkefølgekrav i høve tiltak i naboplan (planendring, delar av petroleumsaktivitet lyt utgå), samt tiltak i høve skuggekast, støy og iskast for nye og eksisterande bygg/tiltak.

**Trafikktryggleik.** Det er lagt vekt på å finne gode løysingar for trafikkavviklinga i området. Dette er inne på eit privat næringsområde og det er interne reglar om 30 Km/t sone. Det er vert sett av framtidig areal til utviding av veg og eventuelt etablering av fortau. Vidare er det tatt inn punkt i føresegna som sikrar siktrydding, speglar og vikepliktskilt.

### **Universell utforming.**

Det er ikkje spesielle tiltak innan planen i høve universell utforming. For bygg og uteområder vert dette sikra gjennom byggteknisk forskrift TEK 17.



**Naturmangfald.** Planleggar har gjort greie for planen og forholdet til naturmangfald. Tiltaka i planen er inne på eit ferdig opparbeid industriområdet. Her er ikkje meir natur av verdi att. Når det gjeld vurdering av naturmangfald og konsekvens elles ut over planen, vert det ein del av konsesjonssaka.

**Saka støttar mål i samfunnsplanen.**

«Gulen kommune skal vere ein attraktiv vertskommune for næringslivet og bidra til å utvikle eit aktivt og nytenkande næringsliv»

«Næringslivet skal vere variert og framtidsretta med lønsame og berekraftige arbeidsplassar som er attraktive å rekruttere til. »

Tiltaket støttar begge desse hovudmåla i samfunnsplanen.

**Økonomiske konsekvensar**

Utbygginga vil i byggeperioden bidra til bruk av det lokale næringslivet. Omfanget vil vere basert på omfanget av oppdraga som vert gjeve. Når hovudtiltaket er gjennomført vil dette bidra til nye arbeidsplassar i Sløvåg og til omdømme som grøn industrihamn. Tiltaket vil også bidra til kommunen sin økonomi med eigedomsskatt og produksjonsavgift.

**Konklusjon**

Planavdelinga finn at planleggar har gjort eit godt arbeid med endringa av planen. Våre merknader og kommunestyret sine føringar for arbeidet er teke i vare. Dei faglege innspela frå andre instansar er i hovudsak teke omsyn til. Planen kan godkjennast slik den ligg føre.

**Rett til klage**

Vedtaket kan klagast på, jamfør siste side.

Med helsing

Kjell Anders Reigstad  
Plansjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje handskreven signatur

Bruk gjerne eDialog for å svare oss på dette brevet. Oppgi referansenummer 2023/3062. Les meir om eDialog på <http://www.gulen.kommune.no/kontakt-oss>

## Vedlegg

- 1 1. Søknad om endring etter forenkla prosess Gulen industrhamn revidert 12.07.24
- 2 2. Føresegner Gulen industrihamn planID 20132003 gbnr 63-15 datert 12.07.24
- 3 3. Plankart Gulen industrihamn planID 20132003 gbnr 63-15 datert 08.07.24
- 4 Merknad M1 Statens vegvesen
- 5 Merknad M2 Statsfovaltaren i Vestland
- 6 Merknad M3 Kystverket
- 7 Merknad M4 Vestland Fylkeskommune
- 8 Merknad M5 NVE
- 9 Merknad M6 Museum vest
- 10 Merknad M7 NGIR drift as
- 11 Merknad O8 Motvind vest
- 12 Merknad O9 Nei til vindkraft i Gulen Hoveddokument
- 13 Merknad O9 Nei til vindkraft i Gulen Oppdatert Vedlegg
- 14 Merknad O9 Nei til vindkraft i Gulen vedlegg med namneliste
- 15 Merknad O10 Folk for fjella
- 16 Merknad P11 Randi Losnedahl
- 17 Merknad P12 Steinar Nilsen
- 18 Merknad P13 Arne Eriksen
- 19 Merknad P14 Bent Unneland 21062024
- 20 Merknad P14 Bent Unneland 31052024
- 21 Merknad P15 Bente og Gjermund Halsvik

Likelydande Kopi er sendt til:

MOTVIND VEST

EIDSBOTN VEL

NEI TIL VINDKRAFT I GULEN

NORGES MILJØVERNFORBUND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

BKK AS

FISKERIDIREKTORATET

NORLED AS

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

KYSTVERKET

NORDHORDLAND OG GULEN INTERKOMMUNALE RENOVASJONSSELSKAP IKS

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

STATENS VEGVESEN

STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD

DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP (DSB)

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SOGN OG FJORDANE

MILJØDIREKTORATET

FORSVARSBYGG

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

FOLK FOR FJELLA

BERGEN HAVN AS

BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD KOMMUNALT OPPGAVEFELLESSKAP

BIRKELAND ENTREPRENØRFORRETNING AS

ROAR HARALD BRUDEVOLL

ØYVIND ANGELTVEDT

MORTEN ASHEIM

THERESE KJELBY ASHEIM

BAKER HUGHES NORGE AS

SINDRE TENJUM BØRNES  
DC HALSVIK AGGREGATES AS  
ENTREPRENØR ANSGAR BIRKELAND AS  
MONICA DAAE  
ERIKSEN GUNN N HALSVIK  
ERIKSEN ARNE  
LIV INGEBJØRG FESTERVOLL  
BENTE GRO HALSVIK  
GJERMUND HAUGSDAL HALSVIK  
HUGLEIK HALSVIK  
JARLE HALSVIK  
RUNE HALSVIK  
TORE HALSVIK  
SVEIN GEORG HANSEN  
LARS BJARNE HELLANDSJØ  
DORTHE HØYVIK  
GULEN KOMMUNE  
INVEST24 EIGEDOM AS  
JKT BIRKELAND INVEST AS  
RAGNHILD REKNES KJELBY  
TROND EIGIL LJOSHEIM  
RANDI LOSNEDAHL  
NILS OTTAR MOLDE  
DENNIS NERDAL  
KURT ERIK NILSEN  
NORD TERMINALS SLØVÅG AS  
LINDA SOLHAUG NORDAL  
ÅSHILD SOLHAUG NORDAL  
TINA ELISABETH OPSAHL  
INGER ANNE RINGEREIDE

JØRGEN RINGEREIDE

INGRID HOLCK SIMONSEN

SLØVÅG NÆRINGSBYGG AS

SLØVÅG UTVIKLING AS

HEIDI SOLHAUG

BERIT STEINE

JON IVAR STEINE

JULIAN STEINE

HANS KÅRE STORETVEDT

SVEIN ARNE STORETVEDT

BENT JOHAN UNNELAND

HARALD FRODE UNNELAND

ARILD UTAKER

VESTLAND BASE AS

WERGELAND EIGEDOM AS

ELISABETH WERGELAND

HANS HARRY WERGELAND

IRENE PERLY KJELBY WERGELAND

TERJE WERGELAND

TRUDE AINA WERGELAND

WERGELAND PROPERTY AS

FJORD1 AS

Gulen og Masfjorden Brannvern

## Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

### Forvaltningslova § 27 tredje leddet

Denne meldinga gjev viktig informasjon om du vil klage på eit vedtak (enkeltvedtak) som du er gjort kjend med og gjeld deg som part i saka.

<b>Klagerett</b>	Du har rett til å klage på vedtak  et (enkeltvedtak).
<b>Kven kan du klage til?</b>	Klaga sender du til Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik.
<b>Klagefrist</b>	<b>Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram.</b> Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Du kan søkje om lengre klagefrist om du har særskilde grunnar.
<b>Enkeltvedtak skal grunngjevast</b>	Meiner du at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan du krevje slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå dagen du får grunngjevinga.
<b>Innhaldet i klaga</b>	<b>Du må presisere:</b> - kva vedtak du klagar på - årsaka til at du klagar - den eller dei endringar du ynskjer - ev. andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurdering av klaga. <b>Klaga må underskrivast.</b>
<b>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket</b>	Jamvel om du har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. Men du kan søkje om å få utsett gjennomføring av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.
<b>Rett til å sjå saksdokument og til å krevje rettleiing</b>	Med visse unnatak har du rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §§18-19 i forvaltningslova. Du kan få nærare rettleiing om retten til å klaga, om framgangsmåten og om reglane for saksgongen. Du kan, om naudsynt, søkja om å få dekka utgifter til vesentlege kostnader for å få endra vedtaket, jf. § 36 i fvl. Klageorganet vil orientere deg om retten til å krevje slik dekning.
<b>Klageinstans</b>	Klaga vert fyrst handsama i organet som har gjort vedtak. Om organet held fast på sitt vedtak, går saka til det faste utvalet for klagesaker (som i Gulen kommune er formannskapet), ev. kommunestyret, klagenemnda for eigedomsskattesaker eller Fylkesmannen i særskilde saker.
<b>Klage til Sivilombodsmannen</b>	Om du meiner du har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltningen, kan du klage til Sivilombodsmannen. Han kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko.

## Vedlegg- Gjennomgang av innkomne merknader til planendringa i detalj.

### M1 Statens vegvesen (SVV), datert 20.06.2024

Kryss mot offentlig veg, fv. 57: Dersom bygde vegar avvik frå desse krava bør dei likevel regulerast i tråd med normalane. Oppmodar til at også private internvegar vert planlagde etter vegnormalane. Ved fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklart med rette styresmakt før planen vert lagt ut til offentlig ettersyn.

Internvegnett: Det er ikkje teikna inn fortau / gangveg i plankartet, med unntak av kryssområdet mot fv. 57 og langs BKB1 og BKB2. Ber om at det vert gjort ei vurdering av behovet for tilrettelegging for at ein kan ferdast på industriområdet som mjuk trafikant

Planleggar skriv at dette er planar for mindre endring av ein høgd på vindturbin, samt tilhøyrande trafostasjon, tiltak vil ikkje generere vesentleg meir trafikk.

Det er svært lite ferdsløse av mjuke trafikantar internt i området. Risikoen for mjuke trafikantar er derfor vurdert som låg, og ein kan per i dag ikkje sjå behov for å leggje særskild til rette for mjuke trafikantar inne på industri- og næringsområdet. Det gjeld både syklande og gåande. Vi merkar oss likevel innspelet, og tek dette med i arbeidet med reguleringsplanen for heile næringsområdet, som er i oppstartsfasen no. Då kan vegsystemet i heile området sjåast i samanheng.

Plankartet blir elles justert slik at anna vegareal blir utvida med 1 meter på kvar side, og byggjegrensene blir justerte tilsvarande. Det gjer at det blir meir rom for utvidingar og justering av vegtraseen, og framtidig areal til at eventuelle gåande kan bruke vegskuldra. Det blir også noko meir plass mellom senterlinje veg og byggjegrensene.

Planavdelinga seier seg samd i denne vurderinga.

Statens Vegvesen oppmodar vidare til at veg / vegareal vert utvida. Anten gjennom større breidde på vegen, og/eller gjennom breiare stripe langs vegen med føremål annan veggrunn. Slik planen er no, inkludert ei svært smal byggjegrænse mot veg på industriområda, vil framtidig utviding av vegen bli hindra. Kan bli behov for breiare vegareal enn det behovet ein ser i dag.

Planleggar skriv at: Plankartet blir elles justert slik at anna vegareal blir utvida med 1 meter på kvar side, og byggjegrensene blir justerte tilsvarande. Det gjer at det blir meir rom for utvidingar og justering av vegtraseen, og framtidig areal til at eventuelle gåande kan bruke vegskuldra. Det blir også noko meir plass mellom senterlinje veg og byggjegrensene.

Planavdelinga vurderer at planleggar har gjort dei grepa som er naudsynt for å sikre areal til framtidig utviding og for å kunne leggje til rette for mjuke trafikantar på sikt. Vegsystemet er oppdatert i høve dagens situasjon og i høve dispensasjon som er gjeve i saka. Ein skal no starte på ny større plan som skal sjå heile Sløvågområdet under eitt, vi er samd at det er ein tilfredsstillande framdriftsplan. Det lagt inn tiltak frå ROS-vurderingane, her under siktbetring, spegel og vikepliktsskilt i føresegnene pkt. 1.3.13.

## **M2 Statsforvaltaren i Vestland, datert 21.06.2024**

I planinitiativet står det at ein vil diskutere om endringa kan handsamast som forenkla. I vår uttale, 25.08.2023, var vi tydelege på at vi ikkje kan sjå at vilkåra for å gjennomføre endringa etter forenkla prosess er til stades i denne saka – då verknadane av endringa vil vere for omfattande.

Ei auke i storleik på vindturbin frå 150 m til 275 m er ei vesentleg auke av tiltaket. Etter vår vurdering går dette ut over hovudrammene i planen, og endringa kan då ikkje handsamast etter forenkla prosess.

I lovkommentaren frå kommunal- og distriktsdepartementet (s.169 - 170) til plan og bygningslova står det at ei endring ikkje bør handsamast etter forenkla prosess dersom endringa rår viktig infrastruktur eller har samband med andre tiltak i planen. Naboplanen detaljregulering for råolje og petroleumsterminal må endrast (justering av tryggleikssoner, støy, iskast og skuggekast i) - og i tillegg vil endringa kunne ha vesentlege verknadar visuelt og i høve støy for omlandet, og for naturmangfald (fugl og flaggermus). Vi meiner endringa får konsekvensar for andre saker av vesentleg betydning som gjer det naudsynt å sjå endringa i eit større samband, og for å sikre forsvarleg planavklaring. Det vil då ikkje vere aktuelt å gjennomføre endringa etter forenkla prosess.

I konsekvensutgreiinga som er utarbeidd som del av planendringa står det at det er usikkerheit knytt til verknadar for trekkfugl og nattrekkande artar, og det er anbefalast ytterlegare undersøkingar dersom det vert gjeve konsesjon. Det er vesentleg at ein får sett tilstrekkelege rammer i plan, med omsyn til verknadar for natur, landskap og ålmenne interesser. Statsforvaltaren meiner dette må undersøkast, avklarast og leggjast til grunn som kunnskapsgrunnlag før ein kan gjere vedtak i plansaka. Det same gjeld for registrering av flaggermus, som er opplyst om at vil fortsette fram til september/oktober. Det vil vere vanskeleg å finne treffande avbøtande tiltak og å vurdere verknadane av planen, når konsekvensane ikkje er kjende.

Skulle sett tiltaket regulert som del av eit samla planområde der ein gjer overordna vurderingar. Vi er sterkt kritiske til at endringa vert gjennomført etter forenkla prosess, og rår ifrå dette. Vi vurderer endringa som omfattande, konfliktfylt og med vesentleg verknadar både i sjølve planområdet og i tilgrensande planar som òg må endrast som følgje av endringa. Vi ber om at planendringa vert handsama som ordinær prosess. Vi ber om at kommunen sender oss endeleg vedtak i saka til klagevurdering.

### Planleggar skriv:

Forslagsstillar meiner det er viktig at saka kan behandlast etter forenkla prosess for å overhalde den planlagde framdrifta med god koordinering med konsesjonsprosessen. Gulen kommunestyre har gjeve positiv fråsegn til konsesjonssøknaden, og gjeve administrasjonen fullmakt til å vedta planendringa.



Vindkraft og plan- og bygningslova: Vi viser til endringa av plan- og bygningslova og energilova knytt til konsesjonspliktige anlegg for vindkraft på land, gjeldande frå 1. juli 2023. Det er no krav om områderegulering for slike anlegg. Det er opna for at vindkraft kan inngå i detaljreguleringar når vindkraft berre utgjier ein mindre del av arealføremålet i planen, til dømes i større industri- eller næringsområde. Av førearbeida for lovendringa går det fram at reguleringsplanen skal vere overordna, og at detaljeringsgrad og innhald skal vere knytt opp mot kommunen si avgjerd om å leggje til rette for vindkraftutbygging eller ikkje. Kommunen kan stille krav til maksimal høgde i planen, men har ikkje plikt til det. Om ikkje kommunen stiller eit slikt krav, blir avklaringa av høgde ein del av konsesjonsprosessen. Det er elles lagt opp til at plassering av vindturbinar blir avgjort i konsesjonsprosessen, og konsekvensane kan difor heller ikkje utgreiast fullt ut i planar etter plan- og bygningslova. Planlegging av vindkraft er nærare omtalt her: <https://www.regjeringen.no/id3022769>.

Vurdering av pbl. § 12-14: Sidan ein reguleringsplan i utgangspunktet berre skal setje ytre rammer for vindkraft, vurderer vi at den føreslåtte planendringa er innanfor rammene av ei endring etter forenkla prosess. Den gjeldande planen opnar for fleire vindturbinar på 150 meter som kan plasserast innanfor BN4–BN8, som omfattar om lag halvearealet innanfor reguleringsplanen. Endringa av planen inneber at det anten kan etablerast fleire vindturbinar på 150 meter som i tidlegare plan, eller at det kan etablerast éin vindturbin med høgde opp til 275 meter innanfor BN5. Den maksimale høgda blir altså auka om det berre blir etablert éin vindturbin. Den samla utnyttinga med vindturbinar i planen blir derimot ikkje auka. Sveipearealet for den aktuelle vindturbinen på 275 meter vil vere 49 dekar. Med tre–fire vindturbinar på 150 meter, slik planen opnar for, vil sveipearealet vere om lag 40–52 dekar. I tillegg vil fleire vindturbinar ha eit større påverknadsområde enn éin vindturbin.

Kommunen har som nemnd ikkje plikt til avklare høgde på vindturbinar i plan. Med planendringa blir både plasseringa og verknadane av ein eventuell vindturbin på 275 meter konkretisert på ein slik måte at konsekvensane for omkringliggende område blir avgrensa og meir overskødelege. Samla sett vurderer vi difor at dette ikkje er ei vesentleg endring, og meiner tiltaket såleis ikkje går ut over hovudrammene i planen. Vi meiner endringa heller ikkje går ut over gjennomføringa av gjeldande reguleringsplan, då området allereie er opparbeidd og ferdigstilt i tråd med hovudintensjonane i planen

Landskap og støy: Det er i konsekvensutgreiing til konsesjonssøknaden vurdert verknadene for landskapet. Utgreiinga konkluderer med at ein turbin på auka høgde til 275 meter vil vere synleg for store delar av omlandet, men at ein likevel hamnar på ei samla konsekvensgrad med "noko negativ konsekvens". Turbinen er ikkje synleg frå viktige kulturhistoriske område som til dømes Gulating eller Molde/Slengesol. I området Den indre farleia er fjernverknaden redusert grunna vegetasjon i området. Det er gjort ein grundig analyse av konsekvens for landskap og det er liten usikkerheit knytta til denne. Vi anser difor verknadane for landskap grundig nok vurdert i tidlegare arbeid. I konsekvensutgreiinga til konsesjonssøknaden er det konkludert med at ingen bustader eller fritidsbustader vil få støy over gjeldande grenseverdi. Nye berekningar skal gjerast etter at faktisk kjeldestøy er fastlagt (målt), og eit eventuelt behovet for avbøtande tiltak vil då vurderast på nytt

Kunnskapsnivå naturmangfald: Konsekvensutgreiinga med undersøkingar av fugl og flaggermus har ikkje avdekkja forhold som tilseier at vindturbinen ikkje kan etablerast, men det er peika på at det må gjerast ytterlegare utgreiingar og vurderast avbøtande tiltak. Dette blir gjennomført i samband med behandlinga etter energilova. Detaljeringsgraden i reguleringsplanen skal som nemnd vere knytt opp mot kommunen si avgjerd om å leggje til rette for vindkraft eller ikkje, og avbøtande tiltak for fugl og flaggermus skal difor takast stilling til gjennom konsesjonsprosessen. Kunnskapsgrunnlaget er derfor tilstrekkeleg til at kommunen kan gjere ei forsvarleg vurdering og fatte planvedtak.

Ordinær planprosess vil ikkje påverke utfallet: Forslagsstillar meiner at konsekvensutgreiinga og medverknaden i samband med konsesjonssøknaden er dekkande også for reguleringsplanen, som skal gje overordna rammer. Innbyggjarane og andre sitt syn på saka er godt dokumentert gjennom arbeidet med konsesjonssøknaden. Det har også vore varsla oppstart av reguleringsendringa og dei som blir berørt har fått saka til høyring. Ein ordinær planprosess vil ikkje medføre ytterlegare krav til utgreiingar eller frå fram fleire relevante synspunkt enn det som allereie er kome fram.

Planavdelinga har gjennomført ei eiga vurdering av forholdet til plan og bygningslova og forenkla prosess i starten av saksutgreiinga. Vi viser til den konklusjonen som er i samsvar med planleggar sine merknader. Statsforvaltaren har ikkje merknad til tiltaket eller plandokumenta elles.

Når det gjeld naturmangfald og spørsmål om konkrete undersøkingar er vi samd med planleggar i høve at dette, og andre detaljforhold som landskap, og støy vert avklart i konsesjonssaka. Dei avbøtande tiltak og andre vilkår som vil kome i konsesjonssaka skal implementerast i planen jf. føresegnene §1.3.10; *For oppføring av vindturbin, skal avbøtande tiltak som fastsett i konsesjon etter energilova med tilhøyrande detaljplan vere utført eller sikra gjennomført.*

Vi takkar elles Statsforvaltaren for rask respons i høve dialogmøte, der begge partar fekk utdjupa sine forutsetningar og synspunkt, utan at det vart gjort konkrete avklaringar.

### **M3 Kystverket, datert 21.06.2024**

Det er berekna at omfang av ising vil vere særst avgrensa. I ROSanalysen blir det foreslått avbøtande tiltak som vi støtter som skilting, prosedyrar for opphald og bruk av verneutstyr i området når det er fare for ising, system for deteksjon av is på turbinen med varsling på land og sjø. Alternativt stoppe turbinen når det er tilhøve for iskast. Av omsyn til tryggleiken i farvatnet og andre brukarar blir det oppfordra til at kommunen til å følgje opp foreslåtte avbøtande tiltak i forhold til iskast i sine vedtak.

Planleggar skriv: Vert teke til etterretning. Tiltakshavar viser til at iskast vil vere ein del av konsesjonsbehandlinga.

Planavdelinga seier seg samd i denne vurdering. Det vil vere konsesjonsgivar som vil setje vilkår og følgje desse opp i konsesjonen og tilhøyrande detaljplan.

#### **M4 Vestland fylkeskommune, datert 21.06.2024**

Kommunen har stilt krav i uttale til konsesjonssøknaden om at her berre kan byggast ein enkelt vindturbin, om ein skal byggja over 150 meters høgde. Det er gjort vurderingar i KU og ROS av verknader av ei vindturbin på 275 meter som er dokumentert i konsesjonssøknaden.

Vestland fylkeskommune vurderer at kommunen har gjort gode grep for medverknad, med folkemøte og møte med høyringsinstansar, og utvida varsling til nærbuande til vindturbin og relevante lag og organisasjonar. Vestland fylkeskommune viser elles til uttale i saka datert 25.08.23, og har vidare ikkje vesentlege merknader til planforslaget

Planleggjar tek dette til etterretning

Planavdelinga seier seg nøgd med at Fylkeskommunen meiner at kommunen har gjort gode grep og vurderingar i si handsaming av saka.

#### **M5 NVE, datert 18.06.2024**

I plankartet er det teikna inn omsynssone for høgspenningsanlegg (H370). Innanfor denne er det byggjeforbod, med unntak av sjølvje energianlegget. I føresegn § 6.4.1 går det ikkje tydeleg fram at det er eit fareområde. NVE gir eit fagleg råd om at ordlyden i føresegna vert endra til at det innanfor omsynssone H370 er byggefobod. Vi gjer merksam på at tiltak må godkjennast av vindturbineigar og. Sjølvje fundamentet for energianlegget ser ut til å vere regulert til energianlegg. Vi gir råd om å presisere at dette er eit vindkraftanlegg

Planleggjar skriv: Det vert presisert i føresegnene at H370 er eit fareområde. Det er ikkje lagt opp til at det er byggjeforbod, men at tiltak må godkjennast av leidningseigar. Det vert lagd til i føresegnene at tiltak òg må godkjennast av vindturbineigar. Fundamentet for vindturbinen er sett av til næringsføremål slik som i gjeldande reguleringsplan. Det er presisert i føresegnene punkt 2.1.8 at det i nordvestleg del av BN5 er tillate å etablere ein vindturbin med høgde opp til 275 meter over gjennomsnittleg planert terreng.

Planavdelinga: Etter ny felles vurdering er føresegna pkt. 6.4/6.4.1 endra til at H370 er eit fareområde, vidare at det ikkje er tillate med tiltak som er til hinder for etablering av høgspentanlegget, og at dette skal dokumenterast i søknad. Med det er det også tenkt at om det skal søkjast å etablerast tiltak i faresona, lyt ein også ha gjort avklaringar med ledningseigar/turbineigar eller andre avklaringar før søknad vert sendt.

#### **M6 Museum vest, datert 04.06.2024**

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved tiltaksområdet i Gulen kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne

Planleggjar tek dette til etterretning

Planavdelinga har ingen merknader

### **M7 NGIR, datert 03.06.2024**

Det blir vist til at meldinga er sendt NGIR Drift AS, som ikkje har mynde til å gje fråsegn. Det blir bedt om at dokumenta blir sende NGIR IKS i staden.

Planleggar skriv: Gulen kommune har ettersend dokumenta til NGIR IKS.

Planavdelinga: stadfester dette

### **O8 Motvind vest, datert 21.06.2024**

Vi ber kommunen om å sikre innbyggjaranes rettar ved at:

- Planendring etter forenkla prosess blir stansa
- Ny prosess med full planhandsaming blir igangsett

Vi meiner at kommunen legg opp til feil planprosess. Med denne høyringa fortset Gulen kommune prosessen med forenkla planendring etter gjentatte åtvaringar i skriftlege innspel, munnlege innspel på folkemøte og klager på kommunens vedtak undervegs. Vi viser særleg til Statsforvaltaren sine innspel og uttaler som i klartekst påpeiker at tiltaket ikkje er ein mindre endring.

Kommunen viser vidare til at det ikkje kan leggjast opp til unødvendig dobbelthandsaming. Det er ikkje snakk om dobbelthandsaming når eksisterande plan manglar utgreiing av høgda si påverknad på omgivnadene, eller ikkje vektla slike vurderingar

Kommunen stiller seg tvilande til at ein vanleg reguleringsendring vil gi betre avgjerdsgrunnlag og bidra til ein breiare medverknad i denne saken. Vel så viktig er det at ein vanleg planprosess skal sikre innbyggjaranes juridiske rettar og klagetilgang.

Konfliktnivået i denne saken er særst høgt og dei fleste innspel har vore negative og full av uro. Kommunen har alt å vinne på å bruke god tid på ein vanleg planprosess.

Planleggar skriv: Konesjonssøknaden for vindturbinen er konsekvensutgreidd og har vore på høyring, og innbyggjarane og andre sitt syn på saka er godt dokumentert i samband med dette. Gulen kommunestyre har gjeve positiv fråsegn til konsesjonssøknaden etter gjennomført høyring, og gjeve administrasjonen fullmakt til å vedta planendringa.

Ein ordinær planprosess vil ikkje medføre ytterlegare krav til utgreiingar enn det som allereie er gjennomført. Reguleringsendringa er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og kan påklagast på ordinær måte.

Planavdelinga har i starten av dokumentet utgreidd kvifor vi er kome til at saka kan handsamast etter forenkla prosess. Vi er vidare samd i vurderinga til planleggar at det uansett prosess ikkje vert fleire utgreiingar. I prosessen har det vore fleire moglegheit til medverknad, inkludert i denne saka. Med dette vedtaket føl det klagemoglegheit.

## **O9 Nei til vindkraft i Gulen, datert 21.06.2024**

Byrjar med ein gjennomgang av tidslinja, frå 28.12.23 – 21.06.24.

Dersom GK vil lukkast med å regulere aktiviteten for denne planen og naboplanen (planID 213002) i samband med oppføring av ein testturbin, må kommunen sikre alle avbøtande tiltak i forhold til helse, natur og landskap i sitt vedtak etter Plan- og bygningslova (PBL)

I vedtaket som kommunestyret gjorde blei dette romsleg formulert, men i PBL-vedtaket MÅ alle, inkludert dei avbøtande tiltaka som stod omtalt i KU, bli oppsummert og beskrivne. Det vert nemnt: Flaggermusdetektor for den raudlista trollflaggermusa og ei svartmåla venge på installasjonen for betre synlegheit for fugl. I tillegg er stopp i fugletrektida eit avbøtande tiltak.

Støygrensene må leggje føringar for all type støy i området, og det må liggje føre (eller krevjast) at alle utsleppskjelder for støy må søkje om utsleppsløyve etter forureiningslova. Vindturbinen må tilpasse seg det som alt er blitt tillate av maks støy gjennom PBLvedtak og vedtak om utslepp av støy etter forureiningslova, uavhengig av om den godkjende støyen er etablert eller ei.

Ei høgd på 150 m og eit vengespenn på 65 meter, gjev eit sveipeareal på 13 daa, med volum 1 millionar kbm. Ei høgd på 275 m og vengespenn på 125 meter, gjev eit sveipeareal på 49 daa, med volum 8 millionar kbm. Desibelskalaen er logaritmisk. Lågfrekvent støy nivå aukar med storleiken på turbinen. Refleksjon av støy, t.d. for Halsvik, nær fjellparti, kan bli problematisk. Det blir då påpeika av GK at de føreset at konsesjonssøknaden har fasit på støy og gløymer dermed at konsekvensutgreinga er formulert for å vere innanfor gjeldande, forelda, retningslinjer. Konsulentselskapa har sjølv påpeika dette med lågfrekvent støy og amplitudemodelert støy, som ikkje blir fanga opp av gjeldande retningslinjer

For GK kan vedtaket om 37 dB nattetid bli ei nøtt å knekke reint teknisk, spesielt i forhold til støy. Det er allereie gjeve utsleppsløyve til ulike verksemder. På toppen av det heile vil det bli krav om høgintensitetslys med stor påverknad på eit område på mange kilometer rundt industrihamna. Ein legg ved link til luftfartsverket sine krav. Her får ein ei endring frå lågintensitetslys for installasjonar under 150 m til høgintensitetslys på installasjonar over 150 m

Ei grøn industrihamn der lukt, støv og støy pregar område under eit høgintensitetslys, er lite inviterande til dei som ynskjer å busette seg i denne delen av kommunen

Georgine Wind vil framheve ei grøn industrihamn. Alt no er det tilstrekkeleg med grøn fornybar energi tilgjengeleg for verksemda, og dei kan elektrifisere maskinparken om ynskeleg. Kommunen har gjeve signal om at saka skal handsamast som ei lita endring. Dette har Statsforvaltaren ytra seg mot i førstegongshøyringa for omsøkt reguleringsendring i planen for Gulen industrihamn.

Dersom planendringa blir handsama i full breidde, då vil også Statsforvaltaren sitt ynske om å kartlegge sjøfuglbestanden kunne bli tatt på alvor. 70% av sjøfuglbestanden er borte de siste tiåra. Fleire organisasjonar og verksemder vil få betre tid til å vurdere kva ein slik

testturbin vil kunne medføre av konsekvensar. Ein kan då også vurdere om etterisolering av kontorbygg er aktuelt, og om det skal setjast krav om stille side i hotellrom m.m.

I tillegg er det ei rekkje faktorar som også bør takast omsyn til, som tilseier at verken denne planen eller naboplanen bør handsamast etter forenkla prosess. Til dømes: Kva vil Mattilsynet ha som innspel med tanke på Pfas i drikkevasskjelder, private som offentlege? Og kan EU sitt vassdirektiv spele inn her? Har kystverket ynske om trygg farlei? Vil bustadverdien for nærbuande søkke vesentleg? Korleis kan dette spele inn på bulyst i denne delen av kommunen? Kva med framtidig busetting - vil støy forringe tomteverdiar? Kan dette vere i tråd med biosfære-ideen i Nordhordland og Unesco-status

Planleggar skriv: Detaljeringsgraden i planar som opnar for vindkraft, skal vere knytt opp mot kommunen si avgjerd om å leggje til rette for vindkraft eller ikkje, slik Kommunal- og distriktsdepartementet og Energidepartementet har lagt opp til i samband med at vindkraft blei innlemma i plan- og bygningslova. Avbøtande tiltak som til dømes flaggermusdetektor og andre tiltak knytt til turbinen vil vere ein del av konsesjonsprosessen etter energilova. Gjeldane støyretningslinjer og støygrenser blir følgde opp i samband med dette. Det er per i dag ikkje støygrenser for lågfrekvent støy i Noreg. Folkehelseinstituttet har konkludert med at ingen studiar har kunna påvise eller sannsynleggjere helseverknader av infralyd frå vindkraftanlegg.

Planavdelinga: er samd med planleggar si vurdering, planprosessen er ei teknisk avklaring og tilrettelegging av tiltaket som er ønskt frå kommunestyret. Dei fleste av elementa som Nei til vindkraft i Gulen (NVG) nemner, her under avbøtande tiltak er ein del av konsesjonssaka.

Når det er sagt har planavdelinga nokre kommentarar:

Merknaden frå NVG er og skreve på vegne av mange bebuarar og fritidsbebuarar i Halsvik og omeign.

Det vert vist til forslag om møte frå Gulen Kommune, og manglande attendemelding i forhold til det. I starten av året var det hektisk og administrasjonen var ikkje avstemt i høve til møte med vindkraftorganisasjonane. Vi seier oss leie for dette.

Planavdelinga vil peike på at avbøtande tiltak som er beskreve i konsekvensutgreingane, sett krav om frå kommunen, og no seinare vert sett gjennom konsesjonssaka skal implementerast i reguleringsplanen jf. føresegna til planen «§ 1.3.10 For oppføring av vindturbin, skal avbøtande tiltak som fastsett i konsesjon etter energilova med tilhøyrande detaljplan vere utført eller sikra gjennomført.»

Vidare er det kome til føresegn som også sikrar desse forholda i planen: «§1.3.11 Ved etablering av vindturbin er det stilt krav om omsyn til skuggekast, iskast og støy er ivareteke, også utanfor planen. For nye tiltak generelt som vil vere ein del av influensområdet til vindturbinen skal det vere dokumentert at desse vert bygd slik at støy, skuggekast og Iskast vert ivareteke.»

Gulen kommune har ei klar forventning om at dei avbøtande tiltak som er beskreve i konsekvensutgreiinga, saman med dei vilkår som kommunestyret har sett, samt andre avbøtande tiltak som kjem til under konsesjonshandsaminga hjå NVE vert sett i vilkåra for konsesjonen.

Når det gjeld støy og påverknad elles på naboane i Halsvik og andre utanfor planen er det ein av hovudfaktorane som konsesjonsstyresmaktene i NVE lyt gjere ein grundig jobb i forhold til. Dette har kommunen sterkt peika på i si utgreiing og kommunestyret vist til i si høyringsuttale.

I denne plansaka har vi i hovudsak teke føre oss støy, iskast, skuggekast og andre faktorar innanfor planområdet. Når det gjeld konsesjonssaka har kommunen i si høyringsuttale som nemnd krevd strengare krav en forskrifta i høve støy.

Etter dette lyt vi og peike på at det offentlege regelverket som vi som kommune lyt forhalde oss til, støyforskrifta frå Miljødepartementet har vore revidert seinast i 2021. Eit av dei 48 innspela i den offentlege prosessen var frå [Statsforvaltaren i Rogaland](#) som mellom anna tok opp bekymring i høve lågfrekvent støy frå vindturbinar. Det vil seie at det forholdet og andre forhold og vurderingar frå t.d Verdens helseorganisasjon (WHO 2018), Sintef og andre faglege instansar, har vore samla inn og vurdert av fagmyndigheitene ved revisjonen i 2021. Namnet på forskrifta er «Klima- og miljødepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen (T-1442/2021)».

Til slutt vil vi peike på at notat frå Norconsult til NVE datert 22032024, som de refererer til har tittel «Kva lydeffekt skal leggjast til grunn ved utrekningar av støy frå eksisterande vindkraftverk», omhandlar spørsmål i høve metodar for måling av støy frå eksisterande vindturbinanlegg: «Spørsmål: Me ynskjer at NVE avklarar kva måte ein skal bruka når ein vel lydeffekt i støymodellering av eksisterande vindkraftverk her i landet. Er det t.d. den høgaste verdien i ein serie lydeffektmålingar av fleire turbinar? Er det middelverdien? Er det medianverdien? Andre persentilar?».

Det er ikkje rett å trekke slutningar om feil i konsekvensutgreiinga i høve eit ord (AM-effektar: Amplitudemodulert støy) i brevet på 3 sider fordi det til slutt i brevet står at: «Merknad. Det er kjent at det stundom oppstår fenomen som gjer at eit vindkraftverk støyar meir enn det som er prognosert, t.d. AM-effektar, kraftig lokal turbulens og kraftig vindskjer. Kan det då vera rettare å sjå på desse fenomena spesielt og for kvart vindkraftverk, framfor å leggja dagens konservatisme til grunn for alle vindkraftverk?»

### **O10 Folk for fjella, datert 21.06.202**

Gulen kommune planlegg framleis å gjennomføra planendringa knytt til omsøkte testturbin i Sløvåg som forenkla prosess. Dette har Folk For Fjella uttalt seg klart kritisk til i tidlegare høyringsfråsegner knytt til konsesjonssøknaden. Dei meiner det ikkje er heimel i plan- og bygningslova for ein slik prosess, då endringa er omstridt og konfliktylt. Det blir vist til Statsforvaltaren i Vestland si fråsegn av 25.08.23, der det blir peika på at ein ikkje kan sjå at

vilkåra for å kunne gjere endringa etter «forenkla prosess» i denne saka er til stades, då ein vurderer at verknadane av endringa vil vere for omfattande. Elles stiller Folk for fjella seg bak Motvind Vestland si fråsegn dagsett 21.06.23.

Planleggar skriv «Når det gjeld vurderinga av endring etter forenkla prosess, vert det vist til kommentaren til fråsegna frå Statsforvaltaren i Vestland.»

Planavdelinga viser til vår vurdering av planprosessen i starten av dokumentet.

#### **P11 Randi Losnedahl, datert 19.06.2024**

Viser til tidlegare innsendt klage mot etablering av havvindturbin i Gulen industrihamn. Vi stiller oss framleis bak klagen som er innkomne og forventar at saken ikkje blir handsama som forenkla prosess. Dette er en sak som vil påverke mange menneske sterkt og gi redusert livskvalitet og stor verdireduksjon av eigedom. Vi kan ikkje sjå konkrete og gode eksempel på avbøtande tiltak for støy og lysglimt. Forventar at det blir laga ein konkret og truverdig plan for dette.

Planleggar skriv: Konesjonssøknaden for vindturbinen er konsekvensutgreidd og har vore på høyring, og innbyggjarane og andre sitt syn på saka er godt dokumentert i samband med dette. Gulen kommunestyre har gjeve positiv fråsegn til konesjonssøknaden etter gjennomført høyring, og gjeve administrasjonen fullmakt til å vedta planendringa. Ein ordinær planprosess vil ikkje medføre ytterlegare krav til utgreiingar enn det som allereie er gjennomført.

Støyberekningane viser at gjeldande grenseverdi ikkje vil bli overstigen. Det går fram av konesjonssøknaden at kjeldestøy frå turbinen skal målast i testperioden, og det skal ut frå dette gjerast nye støyberekningar dersom faktisk kjeldestøy overstig estimatet som er lagt til grunn for berekninga. Behovet for avbøtande tiltak må då vurderast på nytt. Merkinga av vindturbinen med hinderlys er teke omsyn til i vurderinga av konsekvensane av tiltaket for dei ulike delområda. Det blir vist til konesjonssøknad med konsekvensutgreiing for nærare omtale.

Planavdelinga seier seg samd i vurderingane til planleggar. Når det gjeld støy, har kommunen sett krav om eiga nattgrense for støy som er strengare ein grensene i støyrettelearen til Miljødepartementet T-1442. Dersom støyverdiane vert innanfor dei krava som er sett, er det ikkje direkte krav til avbøtande tiltak.

I høve desse konsekvensane og andre ulemper for hus og fritidsbustader er dette kome godt fram i kommunen si utgreiing til kommunestyret. Kommunestyret har etter ei samla vurdering av fordelar og ulemper gjeve positiv uttale i høve plassering av omsøkte vindturbin.



## **P12 Steinar Nilsen, datert 11.06.2024**

- 1) Det blir søka om ein testturbin som ikkje lenger blir produsert. Korleis kan Gulen kommune godkjenne ein reguleringsendring med ein ny ukjent turbin kor eigenskapane ikkje er kjente?
- 2) Kva type testing skal gjennomførast og kva for eigenskapar har denne turbinen mot støy og kva for fare representerer ein slik ny turbin både ift. ferjeleiet, kjøpesenter i nærleiken og ift lagring av radioaktivt avfall innanfor industriområdet?
- 3) Det må gjennomførast ein ROS-analyse som omtalar kva faremoment dette omfattar.
- 4) Vi har hytte innanfor påverka område og det må omtalast kva faremoment vi blir påverka av.
- 5) Støyen frå turbinen kjem i tillegg til allereie støy frå steinknuseverket som til tider går døgnet rundt. Kva blir den totale støybelastninga frå industriområdet, og korleis skal kommunen måle og følge opp dette?
- 6) Ut frå erfaringar frå andre områder med ein vesentleg mindre turbin er det avdekka verdifall på bustad. Dette blir ein enorm turbin langt over det som er kjent tidlegare. Korleis vil kommunen gjennom sin avgjerd kompensere for den verdiforringinga dette medfører for vår eigedom og rekreasjonsområde. Vil kommunen dekke kostnadene ved utbetring av hytte ifm. auka støybelastning?
- 7) Kommunestyret er slik eg oppfattar det samansett av personell med varierende grad av eigeninteresse i dette prosjektet. Forvaltningslova krev ein nøytral og uavhengig handsaming av slike søknader. Korleis skal kommunen ivareta dette?
- 8) Dette er ein turbin som eg forstår skal stå på havet ( sjølv om den ikkje eksisterer lenger) kva behov er det eigentleg for testing å land og kva for eigenskapar er det denne turbinen har som går utover en landbasert turbin?
- 9) Fleire kommunar seier eit klart nei til installasjon av vindturbinar fordi dette er løysningar som er særst arealkrevjande. På meg verker dette som ein snik innføring mot ein kommune som lar seg presse av kommersielle interesser. Det er leit å sjå kommunen sel innbyggjaranes velferd mot nokre kroner i kommunekassen som framtidige generasjonar kjem til å dømme dykk hardt for.

Planleggjar skriv: Den tekniske sida av vindturbinen er ikkje ein del av planprosessen. Det går fram av konsesjonssøknaden at GE vil gjennomføre bl.a. tryggleiks- og funksjonstestar, power curve test (verifisere kraftproduksjonen), validering av laster, støyttest, test av kvaliteten på kraftleveransen frå turbinen og test med drift på 60 Hz. For ytterlegare informasjon blir det vist til konsesjonssøknaden.

Det er gjennomført ROS-analyse for reguleringsendringa i samsvar med Direktoratet for samfunnstryggleik sin rettleiar. Tryggleik vil elles vere ein del av konsesjonsprosessen etter energilova. Sumstøy er omtalt slik i konsekvensutgreiinga til konsesjonssøknaden: «Det er ikke utført samlet beregning av støy fra eksisterende industri og omsøkt vindturbin. Tidligere kartlegging av støy og målinger utført i perioden 12.05.2023 til 17.09.2023 indikerer at støy fra industrivirksomhetene er under grenseverdien, med god margin, slik at støyen fra vindturbinen sannsynligvis vil være dimensjonerende dersom denne støyen er omtrentlig som vist i Figur 10-1. Det anbefales at det gjøres en samlet vurdering av støy fra industri og vindturbin etter at anlegget er satt i drift slik at vurderingen kan gjøres på bakgrunn av

pågående og planlagt akvitet inne på industriområdet samt faktiske data om kildestøy fra vindturbinen. Dersom sumstøy fra vindturbin og industrivirksomhet overskrider anbefalte grenseverdier, må avbøtende tiltak vurderes.»

Kommunen har handsama saka i samsvar med reglane i forvaltningslova, og har uttalt seg positivt til konsesjonssøknaden.

Planavdelinga må her korrigere planleggar. Det vart etter krav frå kommunen utført sumstøyberekning i høve støy frå næringsaktiviteten og vindturbinen. Konklusjonen stemmer med planleggar sin kommentar at vindturbinen er dimensjonerande, og sumvurderinga gjer ikkje utslag på sluttverdiene. Elles er kommunen sine kommentarar bygd opp etter same nummerering som merknadene:

1. I plansamanheng vert det ikkje skilt mellom testturbin eller produserande turbin. I konsesjonssaka er det søkt som testturbin men og som ordinær turbin etter testperioden. Mange av eigenskapane og teknologien til komponentane for vindturbinar er allereie kjende. Når ein skal auke skalaen på elementa som vert nytta lyt desse sertifiserast/testast før dei produserast. I dette kan det og vere at ny teknologi og skal prøvast. Ut over dette kan ikkje kommunen vurdere om det er behov for vidare testing eller utvikling av eit produkt.
2. Som planleggar skriv: GE vil gjennomføre bl.a. tryggleiks- og funksjonstestar, power curve test (verifisere kraftproduksjonen), validering av laster, støytest, test av kvaliteten på kraftleveransen frå turbinen og test med drift på 60 Hz.
3. Det er utarbeidd ROS vurdering i samband med konsesjonssaka, og elles i denne planen. Det er ikkje funne større risikoelement ut over dei lokale farene som er sett ved iskast. Elles er det skuggekast og støy som er gjort gode vurderingar kring.
4. Det pr. no er ikkje avdekka vesentlege faremoment/auka risiko for bustadene/hyttene i Halsvik. Det er mindre avvik i høve skuggekast, der det er planlagt avbøtande tiltak, sjå og konsesjonsutgreiinga og vår saksutgreiing til kommunestyret.
5. Det er som nemnd over gjennomført sumstøyvurdering utan vesentleg ny påverknad, sjå og saksutgreiing til kommunestyret. Når det gjeld støymåling har kommunestyret sett som vilkår i sin uttale til konsesjonssaka at støy skal målast av sertifisert føretak på minst 2 bustader i Halsvik.
6. I saka til kommunestyret har tema om verdivurdering/reduksjon vore undersøkt og drøfta. For eigedomar som ikkje vert belasta ut over gjeldande verdier i regelverket, t.d støy finnast det ikkje offentlege ordningar.
7. Habilitetsvurdering er gjort i saka til kommunestyret 12.04.2024
8. Kommunen kan ikkje vurdere om det er behov for vidare testing eller utvikling av eit produkt.
9. Gulen kommunestyre har i nyleg vedtak sagt prinsipielt nei til vindkraft i fjella og i sårbar natur, slik og andre kommunar i vår region har gjort. I denne reguleringsplanen innan eit større industriområde er det allereie tillete med fleire vindturbinar med høgd 150 meter. Dette vart til gjennom ein ordinær planprosess i 2018. Denne saka gjeld då ikkje snik innføring av vindturbinar, men endring av planen slik at det berre vert tillete med ein turbin med fast plass, og med høgde 275m. Ulempene for innbyggarane med høgda er vurdert av kommunestyret, uttalen er sendt NVE som skal handsame konsesjonssaka og eventuelt gje løyve/konsesjon til bygging.

### **P13 Arne Eriksen, datert 09.06.2024**

Meiner kommunen ikkje tek innover seg fråsegner som går imot avgjerda. Viser til saksbehandlingsfeil og at kommunen ikkje lyttar til kritikk frå ekspertar og dei som blir påverka av saka.

Turbinen skal testast i 3-5 år, men skal produsere straum fram til 2055. Kva skjer dersom testane ikkje blir som ønska? Vil turbinen bli demontert eller bli ståande for å produsere straum? Det vil bli meir støy og ubehag for miljøet rundt.? Ein trafostasjon på området vil også gi støy og auke den samla støyen. I tillegg må han tilknyttast ein sjøkabel med tilhøyrande muffehus eller ei større linje som ikkje er nemnd. Er det til dømes søkt konsesjon på ei ev. linje over land? Dette må koma fram som ein del av den samla utbygginga. Dette tilseier også at ein forenkla prosess er utilstrekkeleg. Stiller spørsmål om kommunen ikkje har noko ansvar for ei sikker saksbehandling og vurdering av følgjekonsekvensar for industri, folk og miljø etter at turbinen er sett opp. At kommunen meiner det er usikkert om ei ny saksbehandling vil gje eit anna resultat, burde vere nok til å ta saka opp til full behandling når ho er så viktig for dei som blir berørt. Blant anna er det kome fram i ettertid at denne type turbin ikkje er tenkt produsert. Stiller spørsmål ved intensjonen når ein er så opptatt av å gjennomføre saka som forenkla prosess.

Stiller også spørsmål ved Sweco som nøytral part i utarbeiding av ROS-analysen

Planleggar skriv: Etablering av vindturbin er grundig utgreidd i samband med konsesjonssøknaden, og resultatata frå konsekvensutgreiinga og tilhøyrande analysar er lagt til grunn for planbehandlinga. Vi kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som tilseier andre vurderingar i plansaka enn det som er gjort i samband med konsesjonssøknaden

Det går fram av konsesjonssøknaden at kjeldestøy frå turbinen skal målast i testperioden, og det skal ut frå dette gjerast nye støyberekningar dersom faktisk kjeldestøy overstig estimatet som er lagt til grunn for berekninga. Behovet for avbøtande tiltak må då vurderast på nytt.

Transformatorstasjon er plassert innanfor tilgrensande plan for råolje- og petroleumsterminalen (planID 2013002). Han vil bli plassert inne i industriområdet nedanfor ei skjering. Det er difor ikkje pårekeleg med støyulemper for område utanfor industriområdet. Trasé for kabel frå turbinen til transformatorstasjonen går fram av plankarta. Nettilknytning fell utanfor plan- og bygningslova, men det går fram av konsesjonssøknaden at dette vil skje via 22kV-kabel.

ROS-analysen er gjennomført av fagkyndige og i samsvar med Direktoratet for samfunnstryggleik sin metode for risiko- og sårbarheitsanalyse i planlegginga, og vurderingane er kvalitetssikra i samsvar med interne rutinar i Sweco

Planavdelinga seier seg samd med Sweco sine vurderingar. Kommunen har vurdert alle innspela som har kome i forhold til sakshandsamingsfeil i høve forenkla planprosess. Vi viser her til vår vurdering i starten av dette dokumentet. Vidare er det ulike hypotetiske spørsmål i

høve om turbinen vert ståande eller kva som skjer om testane ikkje vert som planlagt. Kommunen har elles vore med å sette vilkår i konsesjonssaka og i denne plansaka.

#### **P14 Bent Unneland, datert 31.05.2024 og 21.06.2024**

Det er tips om at det kan vere farleg avfall gravd ned i Sløvåg. Ber Gulen kommune sjekke.

Stiller seg bak alle dei som har levert sine argument og viktige dokumenterte bidrag til dette og som ev. vil få store, alvorlege og langvarige følgjer både helsemessig og økonomisk for befolkninga i Halsvika og omegn. Ønskjer ikkje at dei som bur i Halsvika og området skal tvingast inn i eit livsfarleg helseprosjekt mot deira vilje, med ny helseutgreiing to år etter at anlegget er sett i drift. Viser til at ein har opplevd nok av farlege gassar i lufta, støy og støvproblem som ingen har kontroll på.

Meiner det er ein enorm usikkerheit knytt til støy, som er ute av kontroll frå tiltakshavar og kommunen. Det blir vist til ein e-post om støykrav frå Multiconsult til kommunedirektøren, og stilt spørsmål ved kva som er krava, kva som er meint og kva som er tiltaka og konsekvensane. Krev at planprosessen blir stogga, då avbøtande tiltak som er gjennomførbare ikkje er til stades.

Planleggjar skriv: Vindturbinen vil ikkje medføre graving i område med forureina grunn, og skal fundamenterast på fast fjell. Arealbruken i området blir elles vidareført utan andre endringar enn at vegsystemet er oppdatert i samsvar med bygd situasjon. Spørsmålet om farleg avfall er difor ikkje relevant for denne saka, men forureina grunn bør vurderast i samband med reguleringsplanen som seinare skal utarbeidast for heile industriområdet

Multiconsult utarbeidde ei helsekonsekvensutgreiing for havvindturbin i Sløvåg datert 19. oktober 2023. Kommunen engasjerte Norconsult til å vurdere helsekonsekvensutgreiinga med hovudfokus på støy, med rapport datert 4. april 2024. Moglege helsekonsekvensar av tiltaket er såleis grundig utgreidd, og nøye vurdert i kommunen si fråsegn til NVE ved høyring av konsesjonssøknaden (jf. kommunestyresak 20/2024).

Nasjonale grenseverdiar for støy går fram av støyretningslinjene T1442. For vindturbinar er grensa sett til 45 dB Lden for støyfølsame bygg som bustader og fritidsbustader mv. Støyberekningane viser at grenseverdien ikkje vil bli overstigen. I detaljreguleringa er det teke omsyn til støy innanfor planområdet, og sett krav i samsvar med dette. Avbøtande tiltak elles blir ein del av konsesjonsprosessen etter energilova.

Planavdelinga er samd i planleggjar sine vurderingar, men har desse kommentarane.

Det er som nemnd gjort ei helsekonsekvensvurdering i denne saka, det er også utført ei uavhengig vurdering av denne som konkludere med at vurderingane og resultatet er innanfor det regelverket vi har for ulike faktorar, her under støy som vi pr i dag. Kommunen har gjort eigne undersøkingar. Vi har gjennom våre vurderingar mellom anna sett krav om strengare grense i høve støy på natt samt krav om støymålingar. Vidare har kommunen bede

NVE gjere ei grundig vurdering av alle innspel som er kome inn i høve bekymringar og merknader elles knytt til helse og spesielt støy.

### **P15 Bente og Gjermund Halsvik, datert 20.06.2024**

Reagerer sterkt på handsaminga av heile saka, der kommunen freistar å kjøre over naboane med ein forenkla prosess for å unngå dobbeltbehandling. Viser til at endring av høgda frå 150 til 275 meter er vesentleg, og at sveipearealet i tillegg blir mykje større. Dette gjev eit vesentleg endra støybilette med kjeldestøy flytta høggre opp, og med større rekkjevidde for synlegheit til bustadar samt skuggekast og iskast. Det er fullstendig uansvarleg av kommunen å tillate at ein usertifisert testturbin skal støytestast på naboar. Ei lågare støygrense natt gjev samtidig from til høggre støyverdi på dag, då verdiar sett etter dBA er eit årsgjennomsnitt. Den lågare støygrensa vert umogleg å handheve i praksis.

KU og ROS som er gjennomført av utbyggjar er i beste fall kvalifisert synsing. Det er dokumentert vesentleg usikkerheit rundt desse resultatata

Planleggar skriv: Konesjonssøknaden for vindturbinen er konsekvensutgreidd og har vore på høyring, og innbyggjarane og andre sitt syn på saka er godt dokumentert i samband med dette. Gulen kommunestyre har gjeve positiv fråsegn til konesjonssøknaden etter gjennomført høyring, og gjeve administrasjonen fullmakt til å vedta planendringa.

Skuggekast og iskast er ein del av konesjonsbehandlinga etter energilova. I plansaka er det teke omsyn til iskast innanfor planområdet, som påverkar eit avgrensa område. Støyberekningane viser at gjeldande grenseverdi ikkje vil bli overstigen. Det går fram av konesjonssøknaden at kjeldestøy frå turbinen skal målast i testperioden, og det skal ut frå dette gjerast nye støyberekningar dersom faktisk kjeldestøy overstig estimatet som er lagt til grunn for berekninga. Behovet for avbøtande tiltak må då vurderast på nytt.

Både KU og ROS er gjennomført av fagkyndige etter gjeldande metodikk.

Planavdelinga seier seg samd med planleggar sine kommentarar.

Når det gjeld prosessen vil ei endring av denne til ordnær prosess ikkje verke inn på sluttresultatet. Dersom vi hadde gjennomført dette som ordinær prosess, kunne ein ha kome så langt at saka med dei plandokumenta som no ligg føre hadde vorte lagt fram for planutvalet no før sumaren, med utlegging til offentleg høyring i 6 veker.

Høyringsinstansane hadde vore nøyaktig dei same. Det ville ikkje ha kome inn andre merknader enn dei som ligg føre i dag. Det ville ikkje ha vorte laga andre eller fleire utgreiingar. Saka kunne så vorte lagt fram for slutthandsaming i planutvalet i august, med endeleg godkjenning i kommunestyret 12. september.

Plansaka er ferdig utgreidd. Den totale medverkarprosessen har vore sær s god. Kommunestyret har gjort sine vurderingar i høve hovudgrepa i endringa, tal, plassering og høgde på vindturbinen, og har sett vilkår. Dette er no integrert i planen.

